



Voss Jeger Og Fiskarlag
c/o Odd Henry Hommedal Klausabakken 4
5705 Voss

Dykkar ref.

Vår ref.

26/1467 - 12

Dato

19.06.2026

Saksnr.	Utval
69/26	Utval for kultur og næring

Vedtak - midlar frå Viltfondet til slaktekurs

VEDTAK:

I medhald av delegeringsreglement i Voss herad, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i Forskrift om kommunale viltfond m.m. § 5 bokstav a, får Voss jeger og fiskarlag tilsegn på 24 000 kr til gjennomføring av slaktekurs.

Midlane vert utbetalt etter at tiltaket er gjennomført og Voss herad mottek oppmoding om utbetaling. Vedtaket fell vekk om ikkje tiltaket er gjennomført innan 31.12. 2026.

KLAGE PÅ VEDTAK:

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28. Mogleg klage må setjast fram skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at søkjar har fått melding om vedtaket, jfr. forvaltningslova § 29.

SØKNADEN:

«Voss Jeger og Fiskarlag skal arrangere slaktekurs for hjortejegere. Dette er eit kurs der deltakara skal få praktisk øving i korleis handtera slakt av hjortevilt. Kurset vil bli annonsert og tilgjengeleg for alle. Maks tak på 30 deltakere.»

Totale kostnader 48 000 kr.

VURDERING AV SØKNADEN:

Søknaden er vurdert etter Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 5. Disponering av fylkeskommunale og kommunale viltfond:

«a. Fondet kan brukes til:

- Tilskudd til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommuner gjennom samarbeid i regi av organisasjoner, enkeltpersoner eller kommunen selv.
- Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og håndtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
- Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.

b. Fondet kan ikke brukes til:

- Kommunal og fylkeskommunal administrasjon av viltforvaltningen (faste utgifter til

lønn, møtegodtgjørelser, reiser mv.).
-Å erstatte skader voldt av vilt.
-Skuddpremier.»

Kurset vil fremja viltforvaltning og styrkje kunnskapen om viltet og fell inn under kva kommunale viltfondmidlar kan nyttast til jf. §5 a i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.

Me ser at det er tilstrekkeleg med midlar i fondet til at det er forsvarleg å yta tilskot til føremål som fremjar viltforvaltinga og kunnskapen om viltet i Voss herad og som kan stettast jf. viltfondforskrifta.

Voss herad finn det forsvarleg å yta tilskot 50% av omsøkte kostnader 24 000 kr.

Med venleg helsing

Inger Marie Hernes
Rådgjevar
Tlf: 95262047

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur